

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnенr. 85.

Fylke: Møre & R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Tradisjoner m. v.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne

Gard: Rogne

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter eige vitemde.

SVAR

Haram herad er som kjent mest eit øyherad, so ein korkje var eller er ute for rovdyr som bjørn eller varg. Einast Hildrestrand er ein stripe av fastland. Sjølv der hev ein ikkje vore ute for ovannemnde rovdyr i manns minne. Einast rovdyret det sleng litt av paa Hildrestrand er raudreven.

Etter opplysningane ovanfor maa det nest vera sjølvgjeve, at Haram er bra fritt for tradisjon og segner um jegrar og jaktdyr. Eg kann soleis ingi opplysning gjeva andsynes dette emnet. Segner fraa andre bygdelag kann ein vel høyra, men dei høyrer ikkje Haram til.